



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Ingvild Slettebø  
Telefon: 57 64 31 69  
E-post: fmsfisl@fylkesmannen.no

Vår dato  
27.10.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/2612 - 008  
Dykkar referanse

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8004 Oslo  
0030 OSLO

## Høyringsfråsegn - forenklingar av regelverket om offentlege innkjøp

Vi viser til brev frå Nærings- og fiskeridepartementet av 20. juni 2014, med høyring av forslag til endringar i regelverket for innkjøp som ikkje er omfatta av innkjøpsdirektiva i EU.

Vi støttar arbeidet med å forenkle regelverket, og ser at det klart er trong for ein revisjon.

I det følgjande vil vi kommentere enkelte av dei føreslåtte endringane. Kommentaraner er nummererte i tråd med høyringsnotatet.

### 2.1 Føremål og grunnleggjande prinsipp

Føremålsføresegna i § 1: Vi er samde i at omsynet til effektiv bruk av samfunnets ressursar og omsynet til konkurranse bør gå fram av føremålsføresegna. Etter vårt syn bør det også takast med eit tredje føremål: At det offentlege skal gå heiderleg fram under innkjøpsprosessar. Vi støttar mindretalets grunngjeving for kvifor dette føremålet bør stå på eigne bein, og meiner det er viktig at eit så sentralt omsyn kjem tydeleg fram i føremålsføresegna.

Dei grunnleggjande prinsippa: Fylkesmannen støttar forslaget om å samle dei grunnleggjande prinsippa i éi felles føresegn. Vi er samde med mindretalet i at også prinsippa om ein føreseieleg og etterprøvbar prosess bør kome direkte fram i lovteksten. Av ordlyden "gjennomslutning" følgjer det ikkje intuitivt at prosessen også skal vere føreseieleg og etterprøvbar. Ettersom målet med revisjonen er å *forenkle* regelverket meiner difor vi at plikta til å etterleve desse to prinsippa bør følgje direkte av lova, i staden for gjennom ei tolking av gjennomslutningsprinsippet.

### 2.2 Nye prosedyreregjar

Fylkesmannen ser at store ressursar går tapt ved avvising av tilbod som er uklære eller manglar etterspurt dokumentasjon o.l. Dette er samfunnsøkonomisk uheldig. Etter vårt syn er det viktig å revidere regelverket slik at det blir større rom for avklaringar av denne typen tilbod.

Vi er i utgangspunktet positive til fleirtalets forslag om nye prosedyreregjar. Oppdragsgjeveren vil med dette vil få meir fleksibilitet, samstundes som samfunnet kan unngå "unødig" avvising av tilbod som er uklære eller mangelfulle.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Det kan likevel stillast spørsmål ved om det er trong for den føreslåtte endringa. Dersom oppdragsgjevaren i staden hadde fått eit større rom for avklaringar eller ettersending av dokumentasjon i anbodskonkurransar, ville dette etter vårt syn løyse ein stor del av problemet.

## 2.8 Digitalisering

Fylkesmannen støttar fleirtalets forslag om at oppdragsgjevar skal ha valfridom med omsyn til korleis tilbod kan leverast fram til nye reglar om elektronisk kommunikasjon er gjennomført. Ei slik endring vil etter vårt syn kunne spare både oppdragsgjevaren og leverandøren for unødig tidsbruk. Sjølv om levering av tilbod per post kan stå fram som ei kurant sak, viser praksis at det ofte oppstår tvilstilfelle med omsyn til tidspunkt og adresse for levering, og lukking og merking av tilbod. Ei rekkje tilbod har blitt avviste på grunn av slike tilhøve, noko som verken fremjar effektiv ressursbruk eller konkurranse. I ljøs av dette bør det opnast for at tilbod kan leverast på e-post i den mellombelse perioden det her er tale om.

## 2.10 Terskelverdiar

Ein auke av terskelverdien (for innkjøp som blir omfatta av forskrifta del II) vil etter vårt syn vere eit viktig tiltak for å få ned transaksjonskostnadene. Vår erfaring er at den samla ressursbruken for innkjøp som blir omfatta av forskrifta del II, er monaleg høgare enn for innkjøp som berre følgjer lova og forskrifta del I. Sjølv om ein auke av terskelverdien kan føre til noko svekt konkurranse om desse oppdraga, vil oppdragsgjevar uansett ha plikt til å gjennomføre ein prosess som er i tråd med dei grunnleggjande prinsippa i lova § 5. På bakgrunn av dette bør omsynet til ein effektiv bruk av samfunnets ressursar her slå gjennom og føre til ein auke av terskelverdien.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
assisterande fylkesmann

Ingvild Slettebø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Sendt elektronisk til:  
postmottak@nfd.dep.no